


BOKN BYGDEBLAD

Nr.2


1986

årg.1

Ferjeleie på Arsvågen.



Ferjeleie på Arsvågen.



I hovedplanen for ferjesambandet over Boknafjorden har det vært 4 alternativ for ferjeleiet. Det var 1. Arsvågen (V-B), 2. Sponavika (V-B), 3. Nordre Vågaholmen (A-B), 4. Makrellvika (A-B).

Vegsjefen har gått inn for 1. Arsvågen.

De mest diskuterte alternativene var Arsvågen og Nordre Vågaholmen.

Før kommunestyret kunne behandle saken, måtte de løse inhabilitetsproblemet. Av de 17 styremedlemmene var over halvparten inhabile. Et unntak fra loven førte til at alle fikk være med.

I kommunestyret den 31 januar ble alternativ Arsvågen vedtatt med 10 mot 7 stemmer.

Kommunestyret gikk videre inn for det vestre trase-alternativet over Ognøy.

På Austre-Bokn mente kommunestyret at en burde legge veien i skifte mellom dyrka beite og utmark.

Fylkesveien på Austre-Bokn må leggest under ny Rv. 512, og det må anlegges et kryss.

Et eventuelt avlastningsferjeleie må anleggest på Tåganer, Austre-Bokn. Dette ble vedtatt med 10 mot 7 stemmer.

Veien gjennom Alvestadkroken fra pel 7700 til pel 7800 (på planen) må leggest i tunnel. Dette vil sterkt begrense de miljømessige og trafikkmessige ulemper for innbyggerene i dette området.

Ny Rv. 512 gjennom Alvestadkroken må leggest under eksisterende fylkesvei som må opprettholdest som nå.


Påkjøringsvei i Alvestadkroken for lokaltrafikk til riksvei må trekkest ut av planen og leggest via Knarholmveien.

Veitraseen vest for boligfeltet i Alvestadkroken må forskyvest vestover for å redusere ulempene for eksisterende og framtidig bebyggelse.

Ved innløpet til Lauplandsvågen må det foretas utsprengning og mudring i samband med anleggsarbeidet. Brua må ha tilstrekkelig høyde (7 meter)

Ny riksvei 512 ved Are må legges adskilt fra eksisterende vei. Det må anlegges påkjørselkryss.

2 Nå skal planen til vegdirektoratet for godkjenning. Når vegdirektoratet har godkjent den skal det lages detaljplan av vegkontoret.



Midt i trafikken


I Bokn har me fått ein del fartsdempande tiltak i form av "hump-ar" i veien og nedsette fartsgrenser i veier som går gjennom bustadområde.

Dette er sett opp for å sikra dei såkalla "mjuke" trafikantane som ferdast på desse veiene, dvs. gåande og syklande. Men me kan vel alle tenkja oss at det spesielt er barn som er mest utsette for ulukker i trafikken.

Desse tiltaka er ikkje sette ut i livet av tilfeldige årsaker. Det er på grunnlag av årelang erfaring her i landet og andre stader at ein er komen fram til kva tiltak som er gode for å sikra dei gåande i trafikken. Det kostar det offentlege både tid og pengar å gjera dette, og det er sjølvsagt etter nøye planleggjing og vurderingar at ein set i verk slike tiltak som ein meiner skal forebyggja trafikkulukker.

For å få ei best mulig sikring, ville nok separat gang og sykkelsti langs dei veiene der ungar ferdast til skule, barnehage, leikeplass o.l. vore det beste. Men slik det er i dag, er ungane sin sikkerhet heilt avhengig av at dei vaksne (bilførarane) viser omtanke og varsemnd når dei ferdast i desse områda. Det har vist seg at dei såkalla fartsdumpane er nokså effektive. Når det gjeld 30 km grensa som t.d. gjeld på veien til Alvestadkroken, er det beklagelegvis mange som sikkert i rein tankeløyse ikkje tek omsyn til dette. Kor vidt dei trur at dei skal greia å meistra

ein farleg situasjon der t.d. eit barn plutseleg spring ut i veien er vanskeleg å seia, men det er i alle fall lite å spara i tid på å kjøra t.d. 10 km over fartsgrensa på denne korte strekninga, mot det som er å mista om ein p.g.a. for stor fart skulle koma opp i ei ulukke der barn eller vaksne skulle bli skada. Vis derfor omsyn - og ikkje ta sjansar med å kjøra for fort i desse områda som har nedsette fartsgrenser.



Barn har ikkje forutsetningar for å meistra trafikken. Dei har vanskar med å vurdera både fart, avstand og kor lyden av ein bil kjem frå. Dei har også eit synsfelt som er så snevert at dei ikkje så godt ser ting frå sida. Dei har også problem med å omstilla blikket frå nært til fjernt og omvendt.

Undersøkjingar som er gjort av barn sine forutsetningar for å meistra kompliserte trafikksituasjonar konkluderer med at først i 10-12 års alderen er barn fullt modne til å ferdast i trafikken på eiga hand som fotgjengarar, og først i 12-14 års alderen kan dei ha full kontroll ved sykling i trafikkerte område.

Eit lite

intervju

med presten

Bygdebladet kontakta for kort tid sidan sokneprest Finn Bårdsen for å stilla han ein del spørsmål om verksemda til presten her i distriktet. Han var svært positiv i så måte, og kom innom "redaksjonen" ein onsdag føremiddag då han likevel hadde tur til Bokn i samband med konfirmantførebuinga.

At det var ein prest me hadde inne på kontoret, merka me fort fordi at dei spørsmåla me hadde tenkt å stilla, hadde han vore inne på i løpet av den samtalen som gjekk føre seg. Så det var ikkje vanskeleg å konstatera at denne mannen var vane med å prate.

Så over til fakta:

Finn Bårdsen er 44 år. Han er gift, og har 3 barn - alle gutar i alderen 10 til 16 år. Han kom til Tysvær prestegjeld for 3 1/2 år sidan. Dette prestegjeldet omfattar Bokn, det som var den tidlegare Tysvær kommune pluss Førdesfjorden. Det omfattar 3 kyrkjer og ca. 5700 innbyggjarar. Tidlegare hadde Finn Bårdsen vore i Gand menighet i Sandnes i 7 år. Han er utdanna ved Menighetsfakultetet i 1968.

Når det gjeld arbeidsdagen til presten, så seier han at han aldri kan vita korleis den kan koma til å arta seg. Det kan

koma ting plutselig som gjer at ein må ta ting på sparket. Finn Bårdsen er åleine prest i dette distriktet, og dette gjer at det av og til kan bli stor belastning på presten og familien. Det er eit krevande prestegjeld når ein ser på folketal, og ikkje minst kommunikasjonar. Presten ser derfor fram til at Bokn blir knytt til fastlandet. Prestegjeringa vil då bli lettare å utføra i Bokn, i og med at det blir mykje lettare og mindre tidkrevande å reisa hit.

Når det gjeld presten sitt inntrykk av Bokn, så meiner han at det er eit stabilt miljø her, utan dei store svingningane. Når det då ein sjelden gang går på tverke for nokon, og det ikkje fungerer som det skal, kan det følast som eit tungt press frå det omliggjande miljø at ein ikkje meistrar vanskane, og skil seg ut frå dei alment godkjende normer i lokalsamfunnet.

Elles seier presten at han har inntrykk av at det dei siste åra har blitt meir gjennomtrekk enn før. Det gjeld både m.h.t. at folk både reiser meir og flyttar meir enn før. Dette gjer at ein i dag stadig møter folk som har ulikt livssyn, og det er nok noko kyrkja må leva med.

Mange har inntrykk av at det berre er ei handfull eldre som møter opp til Gudsteneste. Dette stemmer ikkje i følgje Bårdsen. I gjennomsnitt

EIT LITE INTERVJU MED
PRESTEN..... framhald

møter det 50 - 60 personar opp til ei vanleg Gudsteneste, og det er 10 % av innbyggjarane i Bokn. Ved spesielle Gudstenester, slik som Familiegudsteneste o.l. kan det møta det doble antal menneske eller meir. På den måten er det etter tilhøva bra fram møte i kyrkja her i Bokn. Bårdsen nemner også at det her i Bokn er godt fram møte t.d. ved gravferder. Det er også nokså vanleg i landdistrikta, og viser at folk har respekt og omsorg for dei familiane som har mista sine. Dette meiner Bårdsen er fint å registrera. Han seier også at det blant folk her er ei åpen og naturleg haldning til dette med dødsfall. I det heile så seier han at han ennå har til gode å møta negative haldningar til presten her.

Presten er spesielt oppteken av konfirmantundervisninga, og meiner at dette er viktig i hans gjering. Han legg her spesielt vekt på opplevings - sida. Det skal vera ei tid med innføring i kva kristen tru og kristent liv er.

Presten synes i det heile at det er viktig å bruka mykje tid i skulen. Her på skulen i Bokn føler han seg heime, og har konfirmantundervisning annankvar onsdag. Soknerådsmøta blir også lagt til desse dagane, pluss at han går til eldre og sjuke.

Det har frå tid til anna vore ein del skriving om masseutmeldingar frå Statskyrkja. Finn Bårdsen seier at det i 1985 ikkje har vore utmeldingar her. I det heile har det ikkje vore særleg mange utmeldingar her i distriktet.

Etter at tida var gått, slik at presten måtte gå for å nå timen sin på skulen, sat me ennå att med fleire spørsmål. Eitt av dei var fritidstilbud til ungdom. Stikkord her må vera om ein kunne tilby aktivitetar i eit rusfritt miljø.

Me får koma tilbake til resten ein annan gong, og seier takk for praten!

SKRUK

SUNNMØRE KRISTELEGE UNGDOMSKOR

Stor konsert i Bokn kirke

Søndag 6.april kl.11 er det god grunn for boknarane å besøke kirken. Da skal nemlig Sunnmøre kristelige ungdomskor, eller SKRUK, holde konsert! Besøket på Bokn skyldes nok for en stor del et av korets medlemmer, boknalæreren Arne Håberg. Bokn er et av stoppestedene på en turne som også omfatter Bergen, Bømlo, Haugesund, Karmøy og Stavanger.

SKRUK har eksistert i 13 år under sin dirigent og grunnlegger Per Oddvar Hildre. De er kjent fra flere fjernsynsopptredener og en rekke plateinnspillinger, bl.a. sammen med Ytre Suløens Jassensemle.

Koret har i dag ca. 50 medlemmer spredt utover hele landet. De har faste samlinger, den lengste om sommeren. Denne varer en og en halv uke og består av øving og turnevirksomhet. Årets turne blir meget spesiell i og med at den skal gå til U.S.A. hvor koret skal være i hele 3 uker. Arne Håberg kan fortelle at det har vært litt av et arbeid å få dette til økonomisk og at både det offentlige gjennom utenriksdepartementet og det private næringslivet har vært med om støtten.

Populariteten dette koret har oppnådd, skyldes nok mye det allsidige stoffet og den folkelige stilen på reportoaret. Reportoaret på konserten i Bokn kirke inneholder mye norsk kirkemusikk, bedehussanger og gospel -- mye av dette er nyarrangert.

Arne Håberg håper selvsagt på godt fram møte og nevner i forbifarten at det er lov å klappe i kirken også!


VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN.

MERK: På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre faste pleieoppdrag. Andre som treng hjelp denne dagen, kontaktar legekantoret, tlf. 35 465.

Man. 3.mars Tir. 4 Ons. 5 Tor. 6 Fre. 7	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar untatt tirsdag, då vender ein seg til legekantoret	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 8 Søn. 9	Eva Svendsen har vakt heile helga.	
Man.10 Tir.11 Ons.12 Tor.13 Fre.14	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16, alle dagar untatt tirsdag, då vender ein seg til legekantoret.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.15 Søn.16	Marie Faye har vakt heile helga.	
Man.17 Tir.18 Ons.19 Tor.20 Fre.21	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar untatt tirsdag, då vender ein seg til legekantoret.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør.22 Søn.23	Else Nilssen har vakt heile helga.	
Man.24 Tir.25 Ons.26	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.Henvendelse legekantoret tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Tor.27 Fre.28	Marie Faye har døgnvakt fram til 29/3 kl.08.	
Lør.29 Søn.30	Eva Svendsen har døgnvakt fra 29/3 kl.08 til 31/3 kl.08	
Man.31	Else Nilssen har døgnvakt fra kl.08 den 31/3	
Tir. 1.april Ons. 2 Tor. 3 Fre. 4	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16, alle dagar untatt tirsdag, då vender ein seg til legekantoret.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 5 Søn. 6	Eva Svendsen har vakt heile helga.	

TELEFONAR: ELSE NILSSEN 35 338
 MARIE FAYE 35 455
 EVA SVENDSEN 35 339
 LEGEKANTORET 35 465

< BIBLIOTEKET >



OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

-LESETIPS FOR MARS:

Henriksen, Vera:
Kongespeil. 1985.

Treholt, Arne:
Alene. 1985.

Deforges, Regine:
Den blå sykkelen. 1985.

Devold, Simon Flem:
Gatelangs. 1985.

Lundgren, Eva:
I Herrens vold. 1985.

Hovig, Ingrid Espelid:
Fra 20år ifjernsynskjøkkenet:
"Velkommen til mitt kjøkken." 1985.

Isachsen, Karsten:
Det handler om å leve. 1985.

Heger, Wanda:
Hver fredag foran porten. 1985.

Fossheim, Eivind:
Norsk havbruk. Akvakultur 1985.

**KJÆRT BARN
HAR
MANGE BØKER**

NYE

bøker for barn:

Audum, Beate:

Det lille lammet Silkevenn.

Dahl, Tor Edvin:
Frosken.

Havnelid, Anders:
En deilig dag.

Vinje, Kari:
Mannen med arret. 1985.

Torgersen, Trond Viggo:
Flode alene. 1985.

} Disse tre er med teiknspråk.

KOMBIBYGGET



Det ser nå ut til å bli fortgang i arbeidet med Kombibyggget, og med det nye og tiltrengte lokale for sjukestove, kontor for lege, tannlege, helsesøster, fotpleie, kommunale kontor samla, trygdekontor, likningskontor, bibliotek, post, bank m.v.

Dette saman med ei viss utvikling i saka om fastlandssamband kan vel nå vera med på å gi ein vel begrunna optimisme her i Bokn når det gjeld framtidsutsiktene for vår kommune. Innan nokre få år vil det vel skje store forandringar her som følgje av dei store sakene som nå er i startfasen. Spesielt er det nok fastlandssambandet som på noko sikt vil få størst betydning for oss.

Men tilbake til Kombibyggget. Saka var oppe til handsaming i kommunestyret fredag den 31. januar, og ein tok der avgjerd om kven som skulle få dei ulike anbuda. Det var innhenta anbud på følgjande fag:

Betongarbeid - Arkitektarbeid (dvs. tømmerarbeid, blikkenslager, golvleggjar og malar) - Ventilasjonsanlegg - Sterk- og svakstraumsanlegg og Heisanlegg.

Alle anbuda var på førehand vurderte av arkitekt og konsulent. Desse hadde kontrollert og vurdert dei ulike anbuda mot kvarandre. Kommunestyre-representantane måtte derfor stola på vurderingane til fagfolka, då det er vanskeleg for alle å setja seg inn i alle detaljane.

Tidlegare hadde saka vore til handsaming i byggjenemnda, og formannskapet si tilråding var i samsvar med tilrådingane frå byggjenemnda.

Her er formannskapet si tilråding:

- 1) A/S Stoltz Røthing vert vald som utførande entreprenør for betongarbeida til ein anbudssum av kr. 2.144.548.-.
- 2) Bo-Bygg og Vedlikehold A/S vert vald som utførande entreprenør for arkitektarbeida til ein anbudssum av kr. 4.155.916.-. Firmaet får og i oppdrag å administrera side- og underentreprenørar.
- 3) Glent og Co. A/S vert vald som leverandør av ventilasjonsanlegg til ein anbudssum av kr. 825.000.-.
- 4) Vedavågen Rør vert vald som leverandør av sanitæranlegg til ein anbudssum av kr. 602.815.-.
- 5) Brødrene Jakobsen A/S vert vald som leverandør av sterk- og svakstraumsanlegg til ein anbudssum av kr. 1.178.592.-.
- 6) Acces A/S vert vald som leverandør av heisanlegg til ein anbudssum av kr. 116.880.-.
- 7) Norrøna vert vald som leverandør av utstyr til kjøken og vaskeri, og Gallus Plesner vert vald som leverandør av utstyr til skyllerom og bad, tilsaman anbudssum kr. 266.700.-.
- 8) Firmaet Tove Gihle Stakland vert vald som konsulent til utarbeiding av plan for utandørsanlegg til ein pris av kr. 20.000.-.
- 9) Televerket får i oppdrag å installera telefonsentral med utstyr i samsvar med tilbud av 15. august 1985, til ein pris av kr. 290.000.-.

Kombibygget

10) Bokn kommunestyre godkjenner vedlagte kostnads- og finansieringsplan for kombibygget, datert 12.01.86, med ei totalramme på kr. 14.944.968.-.

11) Bokn kommunestyre vedtøk å ta opp nødvendig byggelån med i alt kr. 11.440.000.-.

12) Bokn kommunestyre vedtek å ta opp følgjande lån til kombibygget

Lån i Rog. Fylk.komm:kr.1.200.000
Lån i DNH " 1.400.000
Lån i Komm.b.til s.heim 2.200.000
Lån i Komm.b. " helsest. 500.000

13) Bokn kommunestyre vedtek å gi teknisk etat ansvarsrett for byggeleiarfunksjonen for kombibygget

Det vart røysta over kvart enkelt punkt.

Til punkt 1) og 2) sette Sigurd Johnny Svendsen fram forslag om at Einar Jansen A/S vart valt som utførande entreprenør for både betong og arkitektfaga. Til punkt 3) sette han fram forslag om at Midbøe Ventilasjon vart valt som leverandør av ventilasjonsanlegg. Sigurd Johnny Svendsen meinte det ville vera best å ha ein hovedansvarleg entreprenør for betongarbeidet pluss arkitektarbeidet, og at Einar Jansen A/S var eit firma med solid erfaring for store bygg, og eit firma med solid økonomi. Dette firmaet ville også vera ferdig 5 - 6 mnd. tidlegare enn dei andre firmaene. Prisdifferansen på kr.778.787.- meinte Svendsen ville bli mindre når ein tok omsyn til høgare byggelånsrenter som følgje av lenger leveringstid for dei andre firmaene

Ved avrøystinga vart formannskapet sine framlegg vedteke med 15 mot 2 røyster når det gjeld pkt. 1), 2) og 3). Punkt 4) til og med pkt. 13) vart samrøystes vedteke.

Med omsyn til byggeleiarfunksjonen hadde byggekomiteen gjeve tilråding om at kommuneingeniøren skulle ha det daglege ansvaret for byggeleiinga. Dette var også eit argument i rådmannen si innstilling for oppretting av ei 2-årig engasjementstilling som ingeniør ved teknisk etat.

Kommuneingeniøren har sagt seg villig til å påta seg byggeleiing mot å få ein økonomisk kom-

pensasjon for eit eventuelt overtidsarbeid han då ville få i denne perioden.

Det vart ein del diskusjon om dette punktet i kommunestyret, og ein del representantar meinte at dei hadde oppfatta det slik at meirarbeidet i samband med byggeleiarfunksjonen ville bli dekkja då ein tilsette ingeniør i ei 2-årig engasjementstilling.

Punkt 14) frå formannskapet kom så til avrøysting, og hadde denne ordlyden:

Som kompensasjon for byggeleiarfunksjonen får kommuneingeniøren ei eingongsutbetaling på kr.20.000.-

Framlegget vart vedteke med 11 mot 6 røyster. Det oppnådde dermed ikkje to tredjedels fleirtal, og må såleis tas opp til ny handsaming.

Her er vedtaket frå kommunestyret sett opp i eit skjema:

FAG	ANTAL ANBUD	PRIS	ANBUDET GJEKK TIL
Betongarbeid	4	1.787.000	A/S Stoltz-Røthing
Arkitektarbeid *	4	3.463.000	Bo, Bygg og Vedlikeh.
Ventilasjonsanlegg	8	825.600	Glent & Co A/S
Sanitøranlegg	7	602.815	Vedavågen Rør
Strømanlegg	4	1.178.592	Brødrene Jakobsen A/S
Heisanlegg	2	116.800	Access A/S
*tommerarbeid, blikkenslager, golvleggjar og malar.			

Kommunestyret vedtok ein kostnadsplan på til saman 14.944.968.-. Pengane vert skaffa gjennom lån, tilskott og eigenkapital, og arbeidet kjem i gang nå i vår og vil vera ferdig sommaren 1987.

PRESENTASJON AV LAG OG FORENING- AR I BOKN

I DAG: Bokn Yngreslag

Bokn Yngreslag er eit barnelag som vert drive i kristen regi og står tilslutta Karmsund Indremisjon. Laget vart starta hausten 1965 etter oppfordring frå dåverande kretssekretær Arne Værnes.

I starten var Sigmund Alvestad åleine med arbeidet. Dette vart tungt i lengda, og etter vel 1 års drift låg arbeidet nede ca. 1 år.

I starten var aldersgruppa frå 12 år og oppover, og møtene vart haldne på Ungdomshuset på Håland annan kvar laurdag. Seinare har ein byt både tilhaldsstad og møtedag. Nå held Yngres til på gamle skulen, og der er møte kvar mandag kl. 19 (7) og det varer ca. 1 time. Aldersgrensa har gått nedover, og i dag er hovedtyngda av dei som møter trutt opp 7 - 12 år. Ledarsituasjonen har og endra seg - nå er det 4 stk. som deler på arbeidet.

På møta er det alltid mykje sang og ein andakt. Etterpå varierer programmet med konkurransar eller leiker. Lysbilete har og vore nytta ganske mykje.

av og til får vi besøk av barne og ungdomsarbeidarane i Karmsund Indremisjon. Då er det desse som har andakt, og dei fortel om leirar som skal vera i næraste framtid, eller andre ting som blir arrangert for barn.

Det største høgdepunktet kvart år er grautfesten like før jul.

Då er det alltid mange som møter

opp.

Det varierer litt korleis avslutninga på våren vert arrangert. Dei siste åra har det helst vore ein dag ute med grilling av pølser, salg av brus og ein sporlek.


Men tidlegare har det vore arrangert overnattingstur til holmar. På avslutninga om våren får dei som har vore flinkast til å møta opp i løpet av året diplom.

Det ser ut som borna trivs på Yngres, og dei er veldig glade i å syngja. Dette er grunnen til at vi godt kunne tenkja oss å starta eit barnekor, men på grunn av mangel på kvalifiserte personar har dette berre blitt med tanken.

Om nokon synes ideen er god og har lyst å starta opp - høyrer vi i Yngres gjerne frå dykk.

Helsing

Sigmund Alvestad



"Vi er mange nok til å starta eit barnekor, men manglar instruktør".

FRÅ STYRE OG STELL

Frå møte i Bokn formannskap 20. februar

Nytt bedehus?

Saka var oppe til handsaming i Bokn bygningsråd den 30. jan. der bygningsrådet samrøystes frårådde at arealet sør for Bokn mekaniske verksted vart omdisponert frå jordbruksformål til tomt for bedehus.

I formannskapsmøte den 20. feb. gjekk Bokn formannskap inn for å tilrå at dette arealet skulle kunna omdisponerast frå jordbruksareal til nytt bedehus. Saka skal opp til handsaming i kommunestyret den 18. mars.

Nye veglys?

Bokn formannskap vil ovafor kommunestyret tilrå slik prioritering for utbygging av nye veglys innafor ei budsjettert kostnadsramme på kr.40.000.- i 1986:

1. Ved ferist mellom Laupland, og Dybing.
2. Ved ferist ved Magne Are.
3. Ved ferist på Vågshaugvegen.
4. Ved ferist ved Sigvart Are.
5. Ved privat avkjørsel til Ingrid Jøsang/Alf Are.
6. På Strandavikvegen.
7. 1 lys på kvart av byggjefelta.
8. På Dagsland ved Harald Gønnestad.

Ved framleggjinga av langtidsbudsjett vil ein be Teknisk utval utarbeida ein samla plan for utbygging av veglys i Bokn kommune

Saka skal til handsaming og avgjerd i kommunestyret den 18. mars.

Torske-oppdrett

Bokn formannskap har i møte den 20. januar godkjent at Odd Alvestad får midlertidig adgang til plassering av oppdrettsanlegg ved Hålandssjøen på visse vilkår.

Oppdrettsanlegget gjeld oppdrett av torsk med ein produksjonskapasitet på 50 tonn.

Laks

Svein Ove Alvestad har søkt om utviding av eksisterande oppdrettsanlegg.

Bokn formannskap gjorde den 20. januar slikt vedtak:

- Bokn formannskap ser positivt på søknaden frå Loden Laks A/S om utviding av eksisterande oppdrettsanlegg hos Loden Laks A/S frå 5000 til 8000 m².

Anleggets plassering kjem ikkje i konflikt med kommunale planar.-

Vedtaket var samrøystes.

Skjellanlegg

Sigbjørn og Bernhard Våge har søkt om permanent plassering av skjellanlegg ved Søre Makrellvika.

I møte den 20. januar vedtok Bokn formannskap samrøystes:

- Bokn formannskap kan godkjenne plassering av skjellldyrlegg ved Søre Makrellvik i samsvar med søknad av 27. desember 1985.-

Knar holmen

I reportasjen om Knarholmen anlegget i bygdebladet i januar, sto det at det skulle mudrast i innseglinga og tas opp 3000 kvadratmeter masse. Det skulle sjølvsagt vera 3000 kubikkmeter masse som skulle tas opp.

MEL DINGAR

Fotpleie

Det vert fotpleie fredag den 7. mars. Påmelding til sosialkontoret i tlf. 35 532.

Konsert

Bokn Brass og Bokn skulekorps har konsert i Bokn skule søndag den 16. mars. Sjå oppslag.

Dans

Bokn Idrettslag arrangerer dans laurdag den 8. mars på Bokn skule. Sjå oppslag.

Folkeakademiet

Bokn folkeakademi har møte fredag den 14. mars på Bokn skule. Emne: "Stadnamn fortel historie". Det vil kanskje bli eit fellesarrangement saman med Bokn Pensjonistforening. Sjå seinare melding om dette.

KINO MANDAG DEN 3.3.86

Kl. 16.30: RONJA RØVERDATTER Kl. 19.00: ORIONS BELTE I BOKN SKULE
Kl. 21:00. INDIANA JONES og de fordømtes tempel

Taxi

Ein vil endå ein gong minna om at etter at ein nå har fått drosje på Vestre Bokn, har off. etatar (t.d. trygdekontor og sosialkontor) ikkje lenger høve til å dekkja utgifter frå andre private skyssfolk enn dei som har drosjeløyve.

Tlf.nr. til drosje er 35 554.

Dersom ein ikkje får svar på dette nr. må ein ringja 097 og så be om nr. 24 390 (mobiltelefon).

Bokn Hagelag

Bokn Hagelag har møte onsdag den 12. mars kl. 19.30 på Bokn skule. Emnet for denne kvelden vil bli stauder.

Eg ynskjer å kjøpa brukt trille og/eller sportsvogn + ein gamal heiltre kommode tlf. 35 566

Ragna Alvestad.